

Forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Volda kommune for 2027

Fastsett av kommunestyret i Volda dato... med heimel i [lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager \(barnehageloven\)](#) §§ 19 og 19a og Forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar (*finansieringsforskriften*) § 1 og §27 , jf. § 6.

§ 1. Verkeområde og iverksetting

Forskrifta fastset satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Volda kommune for tilskotssåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar og open barnehage i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19, første og andre ledd.

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2027.

§2. Satsar for grunntilskot

Ved utrekning av grunntilskot til private barnehagar vert følgjande satsar per heiltidsplass nytta.

Ordinære barnehagar:

Barn 0-2 år: 300 508 kr

Barn 3-6 år: 158 777 kr

§ 3 Utrekningsgrunnlaget og atterhald om endringar

Satsane er utrekna på grunnlag av det siste tilgjengelege kommunerekneskap som er rekneskapsåret 2025.

For ordinære barnehagar er satsane utrekna ut frå kommunen sine ordinære driftsutgifter i tilsvarande kommunale barnehagar, med dei frådraga og påslaga som kjem som følge av barnehagelova § 19 a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå utrekningsgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator (forventa pris- og lønnsvekst i kommunesektoren)

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator

- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- kommunen vedtek lavare/lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris

Eventuelle justeringar av satsar på grunn av forhold nemnt over, vert gjort administrativt utan varsel på førehand jf. forvaltningslova §37, fjerde ledd, bokstav c. Justerte satsar vert formidla til private barnehagar og forskrifta vert oppdatert utan unødige opphald.

§ 4. Dokumentasjon på utrekninga.

Berekninga av satsane er gjort i samsvar med gjeldande regelverk. Dokumentasjonen er utarbeida i samsvar med rettleiar utarbeida av KS/PBL.

Berekninga av satsane kjem fram av dokumentasjon som er publisert på kommunen si heimeside, og reknearket er sendt per e-post til den einskilde private barnehage i Volda.

§ 5. Forholdet til enkeltvedtak om kommunalt tilskot.

Denne forskrifta fastset satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar. Tilskotet til den enkelte private barnehage vert fastsett som enkeltvedtak etter barnehagelova §§ 19 a-c, og finansieringsforskrifta § 3.